



ST: studiespesialisering
EL: elektrofag
ID: idrettsfag

SR: Sal, service og reiseliv
IM: IKT og medieproduksjon
PB: Påbygging til generell studiekompetanse
TAF: Tekniske allmenne fag

Til nye elevar ved Ulstein vidaregåande skule

VEL MØTT SOM NY ELEV VED ULSTEIN VIDAREGÅANDE SKULE SKULEÅRET 2021-2022

Du har tidlegare fått melding om at du har fått plass som elev ved Ulstein vgs skuleåret 2021-2022.

Skulen startar opp for elevane til vanleg skuletid **måndag 23.august kl.08:20**. Alle nye elevar møter i skulen sitt Atrium, der heng det lister med oppslag over kva rom ein skal møte i.

Ulstein vgs er glad for å kunne ønskje nye elevar velkomne til ein fin skule i trivelege omgivnader. I januar 2015 tok skulen i bruk den nye Ulsteinhallen til idrett- og kroppsøvingsaktivitet, samt 6 nye klasserom for teoriundervisning. Dette gjer at skulen no kan ha all undervisning i gode og tidsrette klasserom, der dei fleste er godt utstyrte teknisk.

I møtet med ny skule er det viktig at du møter med ei positiv innstilling til å lære, til å tileigne deg kunnskap og gode haldningar. Vilje til samarbeid er også viktig; både i høve medelevar, tilsette og skulen si leiing. Dette er føresetnader som er med på å gjere opplevinga av skulekvardagen meningsfull og viktig.

Skulen pliktar å legge tilhøva til rette for deg på ein slik måte at du skal kunne få auke kunnskapane dine, utvikle haldningane dine og styrke evna di til samarbeid, til beste både for deg sjølv og andre, enten i skulesamfunnet eller seinare i høgskule eller arbeidsliv.

På internettsida <http://skolestart.mrfylke.no> finn du ulik informasjon og her bestiller du PC gjennom fylkeskommunen. **Skulen rår til at elevane bruker den**, sjå eige vedlagt skriv. Ulstein vgs satsar på digital undervisning og det er viktig å ha PC tilgjengeleg så tidleg som mogeleg ved skulestart. Har du behov for skuleskyss finn du her link til nettsida <http://skoleskyss.mrfylke.no>.

Er du tatt inn som elev enten på studiespesialisering eller idrettsfag, må du velje mellom to ulike kurs i matematikk. Når det gjeld framandspråk tek skulen utgangspunkt i valet du gjorde då du søkte vidaregåande opplæring. Dersom det er mange elevar som ønskjer same fag, kan det bli fullt i gruppene, og skulen må då gi deg eit alternativt språk. I slike tilfelle vil inntaket/fordelinga skje etter karakterpoeng. Det er heller ikkje sikkert at skulen kan gi tilbod innan det faget du ønskte via VIGO. Då vil du ved skulestart bli beden om å gjere eit nytt språkval. Meir informasjon om dette ved skulestart. På <http://skolestart.mrfylke.no> registrerer du val av matematikk og **fristen for det er 11.august**.

Generell informasjon om skulen og skulestart vert å finne på skulen si heimeside www.ulstein.vgs.no. På heimesida ligg ulike skjema som vi ber deg fylle ut og levere kontaktlærer ved skulestart/innan fristen. Hugs også at du kan søkje Lånekassa om utstyrsstipend. Sjå Lånekassa - lanekassen.no for meir informasjon.

Ulstein vidaregåande skule gir kvart år ut ein skulekatalog med bilde og namn til alle elevane. Er dette problematisk for deg, må du ta dette opp med kontaktlærer snarast etter skulestart.

Per dato er status for koronasituasjonen grønt trafikklys. Det betyr at vi kan starte skulen som planlagt. Om dette endrar seg så kjem vi med ny informasjon. Hjarteleg vel møtt til Ulstein vidaregåande skule. Vi ser fram til å verte kjent med deg og håper at skuleåret 2021-2022 vert eit triveleg og lærerikt år for alle.

Ulsteinvik, juli 2021
Margaret Alme
Rektor